

STRATEGIPLAN FOR SEKTOR OPPVEKST OG KULTUR

SAMNANGER KOMMUNE 2016 – 2019



”Ein god stad å vera, ein god stad å læra”

Vedteken i formannskapet 09.06.16

Innhald:

Del 1:

Innleiing side 03

Intensjon side 03

Overordna mål og delmål side 03

Planprosess og generell del side 04

Rullering av plan side 05

Del 2:

Oversikt over delplanar side 06

Del 3:

Oversikt over satsingsområde frå einingane

- Barnehagane side 07

- Samnanger barneskule side 08

- Samnanger ungdomsskule side 10

- Kultur side 12

Innleiing:

Den administrative omorganiseringa hausten 2015 utfordrar oss til å arbeida på ein annan måte enn tidlegare. Strategiplan for oppvekst og kultur skal ivareta både barnehage, grunnskule og kultur. Planen utfordrar oss dermed til å tenkja både heilskapleg og tverrfagleg, og på den måten innfri intensjonen ved den administrative omorganiseringa. Dette er også i tråd med Samnanger kommune sitt overordna arbeid med tverrfagleg samarbeid, der identitet og sosial kompetanse er sentrale fokusområde. Følgjande nasjonale føringar er grunnlaget for ny strategiplan:

- Stortingsmelding 19: Tid for leik og læring – betre innhald i barnehagen
- Stortingsmelding 28: Fag- fordjuping- forståing, ei fornying av Kunnskapsløftet
- Djupedalsutvalet: Å høyra til – verkemiddel for eit trygt psykososialt skulemiljø
- Ludvigsenutvalet: Framtidas skule – fornying av fag og kompetansar

Dei nye nasjonale føringane peikar på det heilskaplege opplæringslaupet der tverrfagleg arbeid er sentralt. Samnanger kommune har få einingar, og målet er å ta ut potensialet i samarbeidet mellom einingane i sektoren, og på tvers av sektorar.

Ein del av dei administrative / forvaltningsmessige oppgåvene vert ikkje peika på i denne planen. Dette vil bl.a. bli handtert i eige leiarutviklingsprogram, med oppstart haust 2016.

Intensjon:

Strategiplan for oppvekst og kultur skal skapa oversikt, visa retning og arbeida for ei systemisk heilskapleg tilnærning når det gjeld tenestetilbodet i sektoren.

Overordna mål:

- barn og unge opplever motivasjon og meistring , og fagleg og sosial læring høyrer saman
- å stimulera til nysgjerrigheit, kreativitet og å ha kompetanse i å utforska og å skapa
- me har gode arbeidsmiljø der det å gjera kvarandre gode, og vilja kvarandre vel, er sentralt
- inkludering for å høyra til styrker identitet og sosial kompetanse, og motverkar einsemde
- fokus på systemarbeid fremjar ei inkluderande opplæring, der tidleg innsats, tilpassa opplæring og integrering er sentralt
- arbeidet i sektoren har fokus på folkehelse og livsmeistring
- kontinuerleg fokus på kompetanseutvikling bidreg til auka kvalitet

Delmål:

- etablera lærande nettverk mellom barnehage og barneskule, og mellom barneskule og ungdomsskule, for å sikra samanheng og progresjon i læringsinnhaldet fagleg og sosialt
- laga årshjul og aktivitetsplan for det tverrfaglege samarbeidet
- kompetanseheving i barnehagane når det gjeld språkutvikling
- kompetanseheving i barneskule når det gjeld vurdering for læring
- kompetanseheving i ungdomsskulen når det gjeld lesing i alle fag
- å vera over snittet til Hordaland i nasjonale prøvar og Elevundersøkinga
- å vera over snittet til Hordaland over tid på 5. trinn
- å ha nulltoleranse mot mobbing
- i strategiperioden skal det nye biblioteket bli ein sentral arena for å innfri dei overordna måla
- Vaksenopplæringa er organisert på ein mest mogleg hensiktsmessig måte
- å arbeida for ei felles forståing som sikrar mest mogleg lik praksis

Planprosess:

Tidspunkt	Tema	Deltakarar
Haust 2015	Evaluering av Stratiplan 2012 - 2015	Elevråd og tilsette
18.01.16	Oppveksteigarsamling Os	Politisk og adm. Oppveksteigar
10.03.16	Arbeid med ny strategiplan	Leiarar og tillitsvalde i sektoren
22.04.16	Ekstern rettleiing	Leiarar, tillitsvalde og KS- kons.
28.04.16	Innspel til strategiplan	Formannskapet
29.04.16	Arbeid med ny strategiplan	Leiarar og tillitsvalde i sektoren
Vår 2016	Involvering av tilsette	Einingsleiarar og tilsette
02.06.16	Vedta strategiplan	Formannskapet

Oppveksteigar deltok på oppveksteigarsamling i Midthordland kompetanseregion 18.01.16.

Oppveksteigar kom fram til følgjande ambisjonar og forventningar til arbeidet i sektoren:

Ambisjonar	Forventningar
<ul style="list-style-type: none"> • Hindra mobbing. Trygt og godt læringsmiljø for alle. • Skapa, og jobba for, ei felles forståing som sikrar lik praksis. Felles forståing for kva kvalitet i barnehage og skule er. 	<ul style="list-style-type: none"> • Medverka til å nå ambisjonane. • At ein i lag kan henta meir konkrete tips. • Nytta kompetansen som er i kommunen.

Generell del:

Tenestetilbodet i sektoren er styrt av ei rekkje lover og forskrifter. Barnehagelova, Rammeplanen, Opplæringslova, Kunnskapsløftet-06, Kulturlova, Biblioteklova og Folkehelselova er nokre av desse. Det er verdt å merka seg kva endringar som no vil koma:

Stortingsmelding 19 for barnehagen dannar grunnlaget for ny Rammeplan og endringar i Barnehagelova i 2017. Me oppdaterer oss kontinuerleg om innhaldet i dette arbeidet, og reviderer Strategiplanen i forhold til det. Me registrerer at det er auka fokus på eit felles utdanningslaup mellom barnehage og grunnskule. Både ny Rammeplan for barnehage og revidering av læreplanverket for grunnskulen til vera prega av det.

Djupedalsutvalet: "Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt miljø."

Utvalet peikar på at elevane sine rettar til eit trygt psykososialt miljø ikkje blir godt nok teke i vare. I innstillinga frå utvalet ligg det ein del framlegg til tiltak, og endringar av lovverk. Utvalet har arbeidd ut frå fire perspektiv:

- Menneskerettane som målestokk
- Samfunnet skal ha ein nullvisjon om, og nulltoleranse for krenkingar, mobbing, trakkasering og diskriminering
- Fagleg læring og sosial læring høyrer saman
- Inkludering for å høyra til

Utvalet stadfestar at mykje godt arbeid blir gjort. Samtidig peikar utvalet på at det framleis er for store forskjellar mellom skular, men også mellom klassar. Utvalet har i den samanhengen peika på fem utfordringar som må jobbast med:

- Rettstryggleik – elevane sine rettar blir ikkje oppfylt
- Skulekultur – skulekulturen fokuserer for lite på nulltoleranse for krenkingar, mobbing, trakkasering og diskriminering

- Involvering og samarbeid – elevar og foreldre blir ikkje godt nok involvert i skulen sitt arbeid med det psykososiale skulemiljøet
- Ansvarleggjing og systematikk – skuleeigarar og skuleleiarar sin kapasitet til å jobba systematisk og langsiktig med å utvikla skulemiljøet er mangelfull
- Organisering – ansvarsfordelinga i støttesystemet er for utydeleg

Ludvigsenutvalet: "Fremtidens skole – fornyelse av fag og kompetanser."

Utvalet peikar på at faga i skulen treng fornying for å møte framtidige kompetansebehov i arbeids- og samfunnslivet. I mandatet til utvalet har ein sett på kva kompetansar som vil bli viktige, kva endringar må gjerast og kva som vert krevd for å få det til. På bakgrunn av utviklingstrekk rår utvalet til fire kompetanseområde som grunnlag for fornying av skulen sitt innhald:

- Fagspesifikk kompetanse
- Kompetanse i å læra
- Kompetanse i det å kommunisera, samhandla og delta
- Kompetanse i å utforska og skapa

I tillegg vert det peika på fleire sentrale omgrep som vert viktige for skulen i framtida: Fagspesifikk, men også fagovergripande kompetanse, djupnelæring og progresjon. Det er å venta at dette vil føra til endringar i bl.a. læreplanane. Meir info om dette finn me som sagt i Stortingsmelding 28. Me oppdaterer oss kontinuerleg om innhaldet i dette arbeidet.

Strategiplan for oppvekst og kultur 2016 – 2019 utfordrar oss til å ha kjennskap til dei nye nasjonale føringane. Like viktig er det å ha kapasitet til å endra praksis, slik at intensjonen ved dei nye føringane vert innfridd. Sektor for oppvekst og kultur skal vera utviklingsorientert, og skal vera prega av god samhandling, til beste for både barn, elevar og tilsette.

Rullering av planen:

Denne strategiplanen skal rullerast innan 2019. Det vil skje mange endringar innan den tid. Rådmann får derfor mynde til å justera planen i tråd med desse endringane.

Oversikt over delplanar:

Plan	Mål	Tid	Ansvar
Plan for eit trygt og godt læringsmiljø	<p>a) Dei tilsette handterer førebygging, avdekking, stopping og oppfølging på ein profesjonell måte</p> <p>b) Barn og unge opplever trygge og gode oppvekstmiljø</p> <p>c) Føresette er aktive medaktørar</p>	Planen skal vera ferdig i løpet av 2017-2018	<p>Sektorleiar Leiinga ved einingane</p> <p>Alle tilsette</p> <p>E. leiarane</p>
Plan for IKT- satsinga i sektoren	<p>a) IKT er ein grunnleggjande ferdigheit hos barn og unge</p> <p>b) Dei tilsette har kompetanse til å nå måla i denne planen</p>	Planen skal vera ferdig innan 2016	Sektorleiar IKT- konsulentar Pedagogisk IKT- rettl.
Kulturplan (inkl bibliotekplan og kulturskuleplan)	Laga ein heilskapleg plan over utviklinga av kulturfeltet i Samnanger	I samanheng med Kommuneplanen	Kultursjef Tilsette i eininga Sektorleiar
Tverrfagleg samarbeid	Kvalitativt betre teneste for born og unge i Samnanger kommune Implementering av plan	Vedteken 2015	Rådmannsgruppa Oppvekstforum Basegruppe 1 og 2
Plan for kompetanseutvikling	Samnanger kommune skal ha rett kompetanse til å innfri lokale og nasjonale mål	2016 – 2019	Rådgjever, tillitsvalt og sektorleiar

Oversikt over satsingsområde ved einingane:

Barnehage:

Satsingsområde	Mål	Tiltak	TFS	IKT	Kultur	Tid	Ansvar
Identitet og sosial kompetanse	<p>Styrka barn i</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ansvarskjensle • Sjølvhevdning • Empati • Sjølvkontroll • Samarbeidsevne • Vennsapsrelasjon • Leik, glede, humor <p>Førebyggja og stoppa mobbing i bhg</p>	<ul style="list-style-type: none"> • DUÅ • Konflikthandtering (ICPS)Kari Lamer • Utforma ein felles handlingsplan for å førebyggja og stoppa mobbing i bhg. • Lærande nettverk mellom barnehagane og mellom bhg og skule. 	<p>Felles planleg dag</p> <p>Lærande nettverk</p>	<p>Profil</p> <p>Med raud tråd</p> <p>heilskap</p>		<p>Kvar dag og heile året</p>	<p>alle tilsette</p> <p>alle føresette</p>
Språk (bhg)	<p>Systemretta språkarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skapa godt språkmiljø for alle barn. • Bli meir systematiske og tydelege i språkarbeidet vårt. • Styrka dei vaksne si rolle som gode språkmodellar. 	<p>Utviklingsarbeid bygd på Stortingsmelding 39 og UDIR sitt språkhefte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Laga ein lokal plan- og metodehefte for systematisk språkarbeid i barnehagane. • Lærande nettverk 			<p>Litteratur</p> <p>Bibliotek</p> <p>Kulturskule</p> <p>Kultur-oppleving</p>	<p>2016</p> <p>2017</p>	<p>alle tilsette</p>

Samnanger barneskule:

Satsings-område	Mål	Tiltak	TFS	IKT	Kultur	Tid	Ansvar
Vurdering For Læring (ped.)	Skulen har auka sin samla kunnskap om vurdering og læring, og utøver ein kollektiv vurd. praksis til det beste for eleven si læring og kompetanseutvikling. (motivasjon/identitet)	Skulebasert kompetansehevingsprogram "Leksefri skule" Utgreia alternative måtar å organisera tradisjonelle lekser på. (ped./ass.) (studietime? Tilgang data jf. elevrådet)	Barnevern, PPT Elevane/ -råd Fau / Su Politisk og administrativt nivå Erfaringsdeling Lærande nettverk: 5.- 7. tr m/ungd.skulen	Nettbasert Program i regi av HIL		15/16 16/17	Plangr. = Teamleiarar + inspektør og rektor
Planoversikt over retningslinjer og rutinar. (SUS/SBS)	Overordna oversikt over gjeldande planar, retningslinjer og rutiner. (flytting, overgangspl., tilmeld. rutiner PPT m.m.)	Systematisering Vidareutvikla overgangspl. bhg/skule. Lærande nettverk 1. – 4. trinn m/ barnehagen	Sektor-overgipande	Digital		16/17 17/18	
Årsplan SFO (ass.)	Plan som viser innhaldet i SFO. (Tilsette, føresette, elevane m.fl.)	Revisjon av vedtekter Erfaringsdeling	Fysioterapeut Kulturskulen Foreldre/besteforeldre Idrett	Datatid (Pedagogiske spel) jf. elevrådet		16/17	
Syngande skule	Gjennom Syngande skule ønsker me å få alle i skulen (elevar, lærarar, andre tilsette og foreldre) til å synga meir, oftare og med meir medviten kvalitet. I tillegg skal song brukast som støtte og verktøy for effektiv innlæring i alle fag på skulen.	<u>Forankra</u> prosjektet hos tilsette og elevar <u>Kompetanseheving</u> for lærarar og elevar <u>Organisera</u> dagleg song for alle elevar <u>Systematisera</u> skulen sin samla songaktivitet og – tradisjon. <u>Etablera</u> skulen sitt repertoar	Kulturskulen Føresette Elevråd/ FAU Ungdomsskulen?	Ulike program for songdatabasar og «sing-back/ play-back»	Kulturskulen	16/17 17/18 Vidare?	Kjernetropp 2-5 lærarar. Elev-ambassadørar i kvar klasse.

		Samhandla med andre kulturaktørar i lokalmiljøet Profilera prosjektet internt og eksternt					
Sosial læreplan (ass. og ped.)	Sosial kompetanse har fått status som ein del av basiskompetansen som skal gjennomsyra all opplæring. I den generelle delen i LK -06 vert det understreka at skulen ikkje berre har faglege mål, men òg mål om sosial og personleg utvikling.	Forankring Laga plan for framdrift: 1)Vurdera ulike program Jf. påminning trivselsregl. v/elevrådet Opprusting av uteområde	PPT Psykolog Kultur (rollespill, arrangement, m.m.) Kultur/Fau/Skuleleiinga	Verktøy?	DKS	17/19	

Samnanger ungdomsskule:

Satsingsområde	Mål	Tiltak	TFS	IKT	Kultur	Tid	Ansvar
Identitet (sosial læreplan)	-Auka sjølvkjensle -Sosial kompetanse -Trivsel, helse og lærdom	-Fokus på psykisk helse i planarbeidet -Temadagar på tvers av trinn -Skapa tryggleik for alle elevar i timar og friminutt -Aktivt elevråd -Auka elevmedverknad -Utforming av det fysiske skulemiljøet, m.a utsmykking -Utvida aktivitetstilbod i friminutta	Oversikt over samarbeids-partnarar Helsesøster PPT BUP SBS Basegruppe 2 Barnevern Psykolog	Informasjon, opplæring og haldningsarbeid om nettvett til elevar, lærar og foreldre/ føresette Sosiale medie-obs IKT-plan Heimeside	DKS Resurs-personar Teater Scenekunst Kunstnar	2016 2017	Rektor Kontaktlærar Sosiallærar Alle tilsette FAU SMU Heimen Elevråd Elevar
Lesing i alle fag	-Praktisk undervisning -Variert undervisning -Motiverte elevar -Betre enn Hordaland i lesing	-UIU satsing -Aktiv bruk av «Leseløftet» -Fleire leseopplevingar -Aktiv bruk av bibliotek (skule- og folkebibliotek) -Presentasjon av årets nye bøker -Bruk av ulike media som smartboard, smartbok, lydbok, lydfiler m.m. -Kompetanseheving hos tilsette	Kultur SBS PPT HSH	Bruk av maskinvare Bruk av nettbrett Bruk av ulike tilrettelagte program Koding (programmering) Bruk av it`s learning	DKS Forfattar-besøk Ekskursjoner Biblioteket	2016 2017	Rektor Resurslærar Høgskulen Stord/Hauge sund Alle tilsette
Vurdering for læring (VFL)	-Auka motivasjon gjennom betre vurdering for læring -Bruka fleire og varierte former for vurderingsgrunnlag	-Framovermeldingar med tydelege og konkrete formuleringar slik at eleven kjenner att ord og omgrep på tvers av fag. -Rask tilbakemelding på prøvar og innleveringar -Elevmedverknad -Vidareutvikla VUK-ane	Lærande nettverk SBS/SUS SUS/13. årige-løpet m/Fusa og Tysnes (også vg)	Opplæring av nye, og utvida bruk av eksisterande verktøy for elevar og lærarar Auka bruk av digitale verktøy Ta i bruk smartbook Ta i bruk smartboard		2017 2018 2019	Rektor Alle pedagogane

		-Styrke kompetansen på it`s learning -Konkrete og tydelege vurderingskriterier i alle fag					
Tilpassa opplæring	- Inkluderande læringsmiljø med tilpassa opplæring for alle	-Tolærer i klassen -Temabasert deling i periodar -Bruk av mindre grupper -Einetimear -Leggje til rette for differensierte opplegg i klassen -Meir praktisk-nært (Ny GIV) -Tilby fag frå vg. skule -Tilby leksehjelp på skulen	PPT Statsped	Hjelpemiddelsentralen Tilrettelagt utstyr på ulike plan Installasjon av ulike programvare		2016 2017 2018 2019	Rektor Spes.ped koordinator PPT Pedagogane Fagarbeider/ assistentar/ vernepleiar
Planoversikt over retningslinjer og rutinar (SBS/SUS)	Overordna oversikt over gjeldande planar, retningslinjer og rutinar	-Systematisering -Samarbeidstid mellom adm. SUS/SBS - Det som kan vera felles bør vera felles (t.d flytting, overgangsplanar, ppt, fråvær, gratisprinsippet, osv)	Sektorover- gripande	Heimeside, der felles informasjon er lett tilgjengeleg It`s learning		16/17 17/18	Rektor SUS Rektor SBS Sektorleiar

Kultur:

Satsingsområde	Mål	Tiltak	TFS	IKT	Bhg/skule	Tid	Ansvar
Møte mellom menneske	<ul style="list-style-type: none"> • Motverka einsemnd • Skapa inkluderande møteplassar • Skapa samhald, tryggleik og tilhøyrse • Sosial kompetanse og sosiale relasjonar 	<p>DKS – plan og system</p> <p>DKSS- plan og system</p> <p>Kulturveka</p>	<p>Oversikt over samarbeidspartnarar Helsesøster</p> <p>Leggja til rette for møteplassar</p>		<p>Leggja til rette for møteplassar for aldersgruppa i fritida</p>		Eining for kultur
Kulturaktivitet	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera befolkninga kjend med ulike typar kulturuttrykk • Det skal verta snakka om • Auka og styrka samarbeid med andre einingar, og andre naturlege samarbeidspartnarar • Auka aktivitetstilbodet for innbyggjarane i Samnanger 	<p>Rammeplan kulturskulen</p> <p>UKM</p> <p>Barn og unge aktivitetar/tiltak i fritid i system</p>	<p>Gjennomføring av tiltak/aktivitetar på fritida til barn og unge.</p>	<p>Oppdaterte nettsider</p> <p>Leggja til rette for digitale uttrykk</p>	<p>Styrka samarbeid med barnehage og skule, og setja det i system</p>		Eining for kultur
Det skapande menneske	<ul style="list-style-type: none"> • Styrka: <ul style="list-style-type: none"> ○ Eiga skaparevne ○ Sjølvbilete ○ Kreativitet ○ Eigenverdi ○ Meistringskjensle ○ Språk ○ Utvikling ○ Nysgjerrigheit 	<p>Nytt bibliotek: finna sin plass og innhald</p> <p>Samarbeida med frivillige lag og org.</p> <p>Samarbeida med andre einingar</p> <p>Folkehelse rapport</p> <p>Kulturplan</p> <p>Informasjonsarbeid</p>	<p>Gjennomføring av tiltak/aktivitetar på fritida til barn og unge.</p> <p>Hjelp til tilskotssøking.</p>	<p>Leggja til rette for digitale uttrykk</p>	<p>Samarbeide med barnehage og skule om kunst og kulturtiltak</p>		Eining for kultur

For kulturfeltet vert ikkje kulturminne, stadnamn, reiseliv, kulturbasert næring dekt i denne planen. Idrett og friluftsliv og folkehelse vert delvis dekt.